

## **Svar på grunngjeve spørsmål frå Leif Johnsen (MDG) – elvemusling**

Eg viser til grunngjeve spørsmål frå representanten Johnsen spør om Meland kommune har som mål å få restbestanden av elvemusling i Mjåtveitvassdraget opp att til ein levekraftig bestand. Avhengig av om svaret på dette er ja eller nei, blir det utløyst fleire spørsmål frå representanten.

Eg vil starte med å skryte, som eg og gjorde sist det vart stilt spørsmål om denne problemstillinga i juni, av det arbeidet frivillige gjer når det gjeld Mjåtveitvassdraget. Det har vore eit arbeid, som Fylkesmannen i Hordaland er ansvarleg for, med å setje ut igjen elvemusling i to sidevassdrag av Mjåtveitelva. Og det er Universitetet i Bergen som har stått for gjennomføringa. Meland kommune vart ikkje involvert eller rådspurt i dette konkrete arbeidet. Kva dei konkrete planane vidare er for dette statlege prosjektet kan ikkje kommunen svare på, sidan det er Fylkesmannen i Hordaland som driv dette prosjektet.

Når det gjeld skadane på fangdammane har Mjåtveit næringspark reparert skaden som var i treverket, og kommunen har fått melding om dette. Det blir hevda at det er skadar utover dette, og det blir no undersøkt av kommunen. Vi har samstundes vidaresend dette til Fylkesmannen i Hordaland, slik at dei kan vurdere om dette kan hindre eller påverke prosjektet med utsetting av elevmusling, og om det er naudsynt med utbetringar for å unngå påverknad.

Når det gjeld saka med utslepp i elva, blir dette følgd opp av teknisk avdeling i forhold til forureininga.

På generell basis vil eg seie at Meland kommune driv ordinær vassdragsforvaltning. Vi har ikkje midlar, eller bemanning til å t.d. drive oppfølgjing eller overvåking av elvemusling som er sett ut i vassdrag i kommunen. Eg vil og peike på at det er, så vidt eg kjenner til, ikkje gjort nokon vedtak i kommunestyret, eller for så vidt andre utval, som seier at kommunen har som mål å få opp att ein levekraftig bestand av elevmusling.

Frekhaug, 31. oktober 2018

Øyvind H Oddekalv  
ordførar